

Spelretteiing - BokTråkk

Kor: på skolebiblioteket

Antal: 4 eller 5 spelarar per spelebrett

Varigheit: om lag 30 minutter


Førebuing:

Lærar eller skolebibliotekar finn fram eit utval bøker som famnar så vidt som mogleg både innan målgruppe og sjangrar. Det er viktig at det er nok å velja mellom for elevane, så det må være minimum 30 bøker, uavhengig av storleiken på klassa.

- Tenk representasjon; vel bøker som famnar vidt innan etnisitet, seksualitet, kjønn o.l.
- Tenk spennande og interessante framsider.
- Tenk varierende lesenivå, både tjukke og tynne bøker.
- Tenk variasjon i teksttypar (roman, noveller, teikneseriar, diktsamlingar o.l.)
- Tenk vid representasjon av sjanger (fantasy, romanse, skrekk, krim o.l.)

Følgjande må være representert:

- Grafiske noveller
- Teikneseriar
- Ulik seksualitet
- Sport
- Faktabøker
- Biografar
- Novellesamlingar
- Diktsamlingar
- Kjærleik
- Bøker med ulik type hovudpersonar



Alternativ: La elevane leita seg fram i hyllene i biblioteket. Da treng ein ikkje finne fram bøkene føreåt. Derimot vil elevane bruke lenger tid på å finna riktig bok, avhengig av kor kjende dei er på skolebiblioteket.



Du treng:

- Spelebrett, eitt brett pr. gruppe. Desse kan gjerne lamineras og brukast fleire gongar.
- Ei spelebrikke per spelar.
- Ein terning per bord.
- Eit bord til å legge fram bøkene på, spreidd ut slik at alle framsidene er synlege.

Slik spelar de:

- Klassa deler seg i grupper med 4 eller 5 spelarar.
- Kvar gruppe får eit spelebrett, brikker og ein terning.
- Spelet spelast med klokka. Den yngste spelaren startar.
- Kvar spelar finn eit eige startpunkt.
- Spelaren flyttar antalet felt terningen viser. Når ein landar på eit felt, les ein utfordringa høgt. Spelaren skal hente ei bok og gjera det utfordringa seier.
- Den spelaren som kjem fyrst attende til sitt startfelt, vinn.

Læraren si rolle undervegs:

- Før: presentera rammene for spelet. Fortel gjerne kort om utvalet av bøker, og gje tips til korleis ein enkelt kan sjå om ei bok for eksempel er ei diktsamling eller ein biografi, eller om ho handlar om kjærleik.
- Under: Undervegs er oppgåva di å hjelpa elevane med å finna bøkene dei letar etter. Det er lov å bidra med hint og hjelp.
- Oppsummering: Når spelet er ferdig, får elevane moglegheit til å setje ein post-it på boka dei tykkjer verka mest interessant. Avslutt med ein felles gjennomgang, der elevane kan fortelja kvifor dei har valt si bok. Gje elevane moglegheit til å låne bøkene dei tykte var mest interessante.